

# Del IV

## HJELPEMIDDEL I DET PRAKTISKE ARBEIDET MED DRIFTEVEGEN



## MIDLER EIN KAN SØKJA

Dei tradisjonelle finansieringskjeldene er:

- Friluftsmidlar
- Kulturlandskapsmidlar
- Fylkeskulturmildar
- Tippemidlar
- Bygdeutviklingsmidlar
- Midlar til automatisk freda vegar
- Vegvesenet
- Arbeidsmarknadsmidlar
- Ein kan også freista å få midlar frå "tunge brukarar" som t.d. el-verk.

Dei løvvande instansar har klare krav til kostnadsoverslag, budsjett, framdrift, rapportar og rekneskap.

Tilskotsmidlane har vore nokolunde stabile dei seinare åra med omsyn til kva tiltak dei rettar seg mot, fristar m.m. Ein må likevel vere klar over at dette kan endre seg frå år til år. Det er alltid ein føremon å venda seg til dei løvvande instansar før ein søker.

### Fylkeskommunen

- Spelemidlar

Det kan søkjast om midler til anlegg for fysisk aktivitet/friluftsliv. Dette gjeld turstiar, turvegar og skiløyper. Vidare kan det søkast om midlar til kart.

For å kunna søkja spelemidlar til eit tiltak er det eit krav at det må vera med i prioritert handlingsplan i kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.

Det kan også søkjast om midlar til turstiar/turvegar innanfor ordninga med spelemidlar til nærmiljøanlegg. Her kan ein samla fleire typar ferdselsvegar inn i same prosjekt.

Link til Odin, departementet si info-side om ordninga:

<http://odin.dep.no/kkd/norsk/idrett/spillemidler/sokehefte/043071-990010/index-dok000-b-n-a.html>

Vidare har vi dei mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg (totalkostnad under kr. 80.000.)

Link til Odin, departementet si info-side om ordninga:

<http://odin.dep.no/archive/kkdvedlegg/01/01/V0902032.pdf>

Link til søkjærhefte om mindre kostnadskrevjande anlegg/forenkla ordning:

[http://odin.dep.no/kkd/norsk/idrett/spillemidler/soknad\\_drift/043071-990021/index-dok000-b-n-a.html](http://odin.dep.no/kkd/norsk/idrett/spillemidler/soknad_drift/043071-990021/index-dok000-b-n-a.html)

Kommuneadministrasjonane har informasjon om desse ordningane. Elles kan de ta kontakt med flkeskommunen evt.fylkeskulturstyret. E-post: postmottak.sentraladm@sf-f.kommune.no

### Den Norske Turistforening

- Spelemidlar

Anlegg for friluftsliv i fjellet, knytt til DNT sitt rutenett.

Info på Odin:

<http://odin.dep.no/kkd/norsk/idrett/spillemidler/sokehefte/043071-990012/index-dok000-b-n-a.html>

Kommuneadministrasjonane har informasjon om desse ordningane. Elles kan ein ta kontakt med fylkeskommunen eventuelt fylkeskulturstyret. E-post:  
postmottak.sentraladm@sf-f.kommune.no

## **Miljøverndepartementet sine tilskotsordningar**

Kvar år kjem det ut ein rettleiar for tilskotsordningane. Rettleiaren finst på på miljøverndepartementet si heimeside <http://www.odin.dep.no/md/norsk/regelverk/rundskriv> eller kan tingast frå Statens forureiningstilsyn. Meir info kan ein og få ved å vende seg til fylkesmannen si miljøvernavdeling. Litt om dei viktigaste postane:

### **Tilskot til friluftslivstiltak**

**Mål:** Stimulering og haldningsskaping

**Målgruppe:** Lokale lag og organisasjonar, Friluftslivets fellesorganisasjon og eventuelle andre samskipnader av landsdekkjande frivillige organisasjonar med friluftsliv som arbeidsområde.

**Type tiltak:** Aktivitetsretta tiltak retta mot born og unge, og som stimulerer nye grupper til friluftsliv. Positivt dersom tiltaka har oppfølgjingsplan, og dersom dei involverer samarbeid mellom organisasjonar og tiltak på regionalt nivå.

Lag og organisasjonar på kommunenivå skal sende søknaden til **kommunen innan 15. desember**. Kommunar og organisasjonar på fylkesnivå skal sende søknaden til **fylkesmannen innan 15. januar**.

Landsdekkjande organisasjonar sender søknaden til **Direktoratet for naturforvaltning innan 15. januar**.

### **Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde**

**Mål:** Sikre tilgjenge til friluftsområde ved kjøp eller avtale om varig bruksrett.

**Målgruppe:** Kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkje. Lokale lag og organisasjonar kan ta initiativ andsynes kommunar og organisasjonar på fylkesnivå om å fremje søknad.

**Type tiltak:** Område prioriterte i kommunale planar og som blir intensivt brukta og ligg i nærområde til store brukargrupper vil bli prioriterte.

Søknaden skal sendast til **fylkesmannen innan 15 januar**.

### **Tiltak i naturvern-, kulturlandskaps-, og friluftsområde**

**Mål:** Dekkje dei utgiftene staten har i samband med å leggje til rette og skjøtte statlege naturvern- og friluftsområde.

**Målgruppe:** Kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkje, men frivillige organisasjonar kan ta hand om den daglege drifta. (Lokale lag og organisasjonar kan ta initiativ overfor kommunar og organisasjonar på fylkesnivå om å fremje søknad).

**Type tiltak:** Opparbeiding, tilrettelegging og skjøtsel i område som er statleg sikra gjennom kjøp eller avtale.

Lag og organisasjoner på kommunenivå skal sende **søknaden til kommunen innan 15. desember**.

Kommunar og organisasjoner på fylkesnivå skal sende **søknaden til fylkesmannen innan 15. januar**.

## Fylkesmannen, Landbruksavdelinga


- Kulturlandskapsmidlar, STILK.
- Områdetiltak.

Gjennom å nytte seg av areal og kulturlandskapstillegga, kan ein vere med på å ta vare på biologisk mangfald og å halde i hevd gamal kulturmark og vegar. Desse midlane hindrar at det vert gjort større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. Ein kan søkja om midlar både til å setje i stand kulturminne og for å vedlikehalde dei. Det kan også gjevast midlar til skjøtsel av vegetasjon, til dømes slått og beite, og til informasjonstiltak (DN 1993: *Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap*, Del 3).

Midlar frå Landbruket sitt utbyggingsfond (LUF) kan m. a. nyttast til felles tiltak i bygdene (BU - midlar). (Sjå Landbruksdepartementet 1995: *Forskrifter om midlar til bygdeutvikling*.)

## Andre midler


For skjøtsel av automatisk freda kulturminne kan Riksantikvaren gje midlar. Vegkontoret i Sogn og Fjordane kan gje tilskot for å ta vare på gamle vegar.



## DØME PÅ GJENNOMFØRING AV PRAKTISK ARBEID FRÅ GLOPPEN KOMMUNE

Samarbeid undomsskule – grunneigar.

Eksemplet her er frå arbeid som ei gruppe frå Gloppen ungdomsskule har gjort. I samarbeid med grunneigar Kåre Hauge har dei rydda den gamle ferdelsvegen på strekninga Grønesvadet – Ospeteigen i området mellom Indre-Fjellbygda og Vereide i Gloppen. Desse elevane har valfag *Praktisk prosjektarbeid* og arbeidet her går difor inn i skulen sine valfagtimar.



Utgangspunktet: Mykje av den gamle ferdelsvegen var grodd att med lauvtre og gran, men gode reiskapar og samarbeid gjev resultat.



Tre og buskar som høvde til ved, vart køyrt til bygda. Dette vart kløyvd og seld som ved seinare. Resten vart rydda i hop på bålet. Samarbeidet med grunneigar er fruktbart på mange vis: Tilgjenge til tyngre reiskap, innsyn i, evtentuelt rekruttering til bondeyrket/kulturarbeid/skogsarbeid, kontakt med vaksne utanom lærar, kjennskap og identitet til heimstaden m.m. Både sjølvkjensla og ferdelsvegen veks.



Ein velfortent kvil med grilling av pølse høyrer med. Og resultatet vart framifrå! Gjerde– eller gardklyva laga dei av einer og tappa saman utan bruk av spikrar, skruar eller boltar. Nye grinder vart også samansett med trenaglar.

(Alle biletene: Olav Søreide v/Gloppen ungdomsskule)


## DØME PÅ GJENNOMFØRING AV PRAKTISK ARBEID FRÅ VIK I SOGN

Grunneigarar stiller opp i lag med lærarar og elevar på mellomsteget ved Flatbygdi skule i Vik i Sogn. Ei veke set skulen av til arbeidet med å rydda kulturlandskap og gamle ferdelsvegar på heimstaden. Dette samsvarar med fagplanar i grunnskulen. Tidspunktet mai/juni høver godt for slike arbeid og elevane tek sjølv med lettare reiskap til arbeidet til dømes spader, river, rotsakser, hekksakser, trillebårer m.m.



Buskar og kratt vert mala til strø og seinare fordelt som topplag på ferdelsvegen. Kommunen og grunneigaren har traktor og naudsynt utstyr til dette.


Ei anna elevgruppe har ansvar for å laga tavler med informasjon om ulike innslag i naturen



Overalt er det eit yrande liv der alle finn sine oppgåver. I eit slikt prosjektarbeid kan ein få integrert fleire skulefag i eitt og same arbeid, til dømes kroppsøving, kunst og handverk, historie, IT, norsk m.m. Berre fantasien set brems.



Etter mykje arbeid trer gravhaugen attmed ferdelsvegen fram som han skal gjera – godt synleg for dei som fer forbi. Stolte elevar tek seg ein kvil i fine omgjevnader. Kommunen stillar opp med hjelptil organisering og med bollar og brus til elevane.



Ferdig for dagen, og klar til å gå heim. Alle har ansvar for eige utstyr. Eit resultat som ein har sett i tida etter at prosjektet vart avslutta i Vik, er at elevane er ivrige etter å få foreldre og besteforeldre ut på stiane dei har rydda. Slik får prosjektet også ringverknad og bidreg til at fleire kjem seg ut i naturen og får oppleva kulturhistoria vår "live".

## PRAKTISK ARBEID - TILRETTELEGGING OG MERKING

Utdrag frå *Merkehandboka - Handbok for tilrettelegging og merking av turruter i fjellet, skogen og langs kysten*, utgjeven av DNT, Forbundet Kysten og Friluftsråda sitt Landsforbund. Boka kom ut i mai 2002 og Den Norske Turistforening, Forbundet Kysten og Friluftsrådenes Landsforbund står som utgjevar. Her finn ein mykje relevant stoff i samband med den praktiske tilrettelegginga for friluftsliv av gamle ferdsselsvegar.

### Rydding av vegetasjon

Stiar bør ryddast slik at dei ikkje gror att på to - tre år. Ein ryddar stiar i minst 1,5 meters breidd, slik at ein lett kjem fram med ryggsekk med liggeunderlag. Rotvelt og vindfall som ligg på tvers av stien, kappast slik at det er lett å passera. Då unngår ein at ferdsla spreier seg på utsida og gjev auka slitasje i terrenget.

Kvist trea så høgt ein rekk når ein står. Ta omsyn til at våte og snøtunge greiner heng lågare enn tørre. Ved kvisting skal ein kappa greina 2 cm frå stammen, unngå å skada borken. Til kvisting skal ein bruka saks eller fintanna sag. Små tre som står i eller tett ved stien, og skada tre kan ein fjerna.

Bartre: Dersom ein berre fjernar deler av greina, skal halve barmengda vera att.

Lauvtre: Dersom ein skjer ned lauvtre, vert det lett mange stubbeskot. Dersom det er mogleg, bør slike tre kvistast. Busker klippast ved rota.

### Merking


Når turruta er rydda og farbar i heile si lengd, kan ein merka traséen. Ruta skal **merkast i heile lengda**, frå der ho startar til der ho slutter. Ein kan merka med maling på tre, med stakar eller med vardar. Ein skal ikkje merka med maling på fjell eller stor stein av di ein lett skal kunne fjerna merkinga dersom ruta vert lagd om eller ned. Ein skal ikkje mala på gamle murar, steinbruar, grensevardar og liknande.

Langs veg kan det vera aktuelt å merka på el-stolpar og liknande. Då er det viktig å få løyve på førehand.

Det er viktig at ein merkar i begge gangretningar. Merka bør stå så tett at ein kan sjå frå eitt merke til eit anna. Dette er ikkje naudsynt der stien er tydeleg og ingen andre stiar kryssar. Ikkje overdriv merkinga!

### Merking i skog

Øvste steinen på vardar kan ramla ned. Merk difor på steinen under. På tre og vardar er det




vanleg å mala rektangel  $5 \times 15$  cm, liggjande, på begge sider og synleg i begge gangretningar.


Det er vanleg å nytta blå farge til merking ute, alkydoljemaling, kode 10.40 B. På skogsstiar merker ein i ytterkant av sving og i augehøgde.



På tre med 10-15 cm stamme er det best å mala ein 5 cm brei ring kring stamma. På trestammer som er smalare enn dette og på stakar, lyt ein laga ringane 10 cm breie for at dei skal vera godt synlege.



På stakar eller tre der ein skal setja opp skilt, målar ein to 5 cm breie ringar med 5 cm mellom.




Dersom trea er særstakke, målar ein to 5 cm breie striper med 5 cm mellom kring halve stamma, slik at dei er godt synlege i begge retningar på stien.

## Merking i fjellet

I fjellet merkar ein med raud farge, utandørs olje/alkyd maling, låveraud.

Turistforeininga merkar sine ruter i fjellet med raud T. På tre og vardar, på begge sider, målar ein T-iar med 3 cm tjukk strek, 11cm lang tverrliggjar og 9 cm høg stolpe.



Turistforeininga ynskjer ikkje at andre som skal merka stiar nyttar deira system. Dei oppmodar i staden om at ein heller nyttar merketypar som er tenkt for skog, men då med raud farge.

## **Vardar**

I Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder står det om tydinga av ordet varde:

Varde kjem av vestnordisk *vardi* og *varda* (substantiv), tyder lei- eller vegmerke oppbygt av stein. Dei er å finne langs gamle kystleier, innlandsvegar og fjellovergangar. Mange av *varde-namna* rundt i landet har samband med nyskipinga av veteskipnaden på 1600-talet. *Varde* vart då nytta med same tydingsinnhald som gamalnorsk viti, "signal-eld". Eigentleg tyder "viti" ein visar (*synar*). Det er reisverk av trefang som vart sett fyr på som varsel om fiendehær. Ordet *Veten* vart også nytta som namn på fjellet der det hadde stått ein slik vete til dømes Ulvedalsveten i Stryn eller Vetanakken (også Eidshornet) i Gloppen.

Øyvind Blakset skreiv i ei oppgåve ved Høgskulen i Volda våren 2000 om tydinga av desseorda:

*Mange nyttar ordet varde om vetane, men dette er feil. Ordet varde vart skapt på Kristian 4. si tid. Det gammalnorske ordet "viti-vørdr", som tyder vetevakts, vart feil omsett til vedvardar. Ordet "viti" har blitt omsett med ved, men det korrekte ordet er altså veie.*  
(Årbok for Nordfjord 2000.)

## Varding

Vardar høver i berglendt terrenget der det ikkje er tre, men også i skog der det ligg til rettes for det. Av omsyn til urøynde turgåarar skal ein ha vardar også der det ikkje er tvil om kvar ruta går, til dømes i markerte dalføre.

Vardinga må vera så tydeleg at ein kan fylgja ruta sjølv utan sti, og med dårlig sikt. Varding og merking må ein kunne fylgja lett i begge retningar.

Attåt vanlege vardar lyt ein ha store siktevardar lagt oppe på rygger slik at ein kan sjå desse på lang avstand.

Der ruta går over snøfennar eller snøen ligg lenge, må ein bygga store vardar på kvar side av fonna. Ofte vil det vera nyttig med sikte-steinar som syner retninga over snøfonna.

I område med mykje snø om sommaren lyt ein gå gjennom rutene med jamne mellomrom for å få varda dei deler av ruta som er dekka av snø.


I område med beitedyr må ein vera særskilt nøye med at vardane står støtt, eller velja ein type varde som beitedyra ikkje kan riva over ende. Der det høver kan ein setja vardane oppe på større steiner der beitedyr ikkje kjem til.

Ta aldri Stein frå fornminne (gravrøyser, dyregraver og liknande), eller gamle murar, steingjerde, steinbruer, grensesteinar, grense-merke m.m.




### Trepunktvarde.

Ein legg tre–fire heller eller flate steiner oppå kvarandre. Mellom desse legg ein tre mindre steiner som hellene kviler på. Hellene må ligge støtt. På toppen ligg ein solid toppstein, om naudsynt støtta opp med mindre Stein som kilar.



### Kilevarde / "bauta"

Ei stor helle eller blokk med bautaform vert sett opp mot ein støttestein nedgraven i bakken, eller mot ein jordfast stein. På den frie sida legg ein støttestein som også vert graven ned i bakken. I opninga mellom legg ein heller og kileforma Stein. Etter kvart vil kilene setja seg betre og låse bautaen fast. Passer spesielt der det er beitedyr og i skråning der snøsig lett riv over ende ein trepunkttsvarde.



### Rullesteinsvarde / Røys.

Mange stader finn ein ikkje anna enn rund Stein i terrenget. Då kan ein laga ein varde ved å leggja tre runde Stein i botnen og ein større Stein i gropa mellom dei. Botnsteinane lyt liggja stødig slik at dei ikkje glir ut.



### Retningsvarde med siktstein.

Denne kan ein til dømes nytta på begge sider av ei snøfonn for å syna retninga på stien.

## Driftekarane sine landemerke

Driftekarane hadde ikkje kart å orientera seg etter når dei gjekk i fjellet, men dei hadde likevel to gode hjelpemiddel, oppbygde vardar og markerte fjellformasjonar, til dømes Hardangerjøkulen . Eldste namnet på dette fjellpartiet er truleg Nordmannajøkulen. Attom denne jøkulen heldt nordmennene til. Hårteigen skal tyda ”den grå vegvisaren”.

I boka *Langs Nordmannsslepene over Hardangervidda*, Universitetsforlaget 1988, set Reidar Fønnebø vardane inn i eit system. Han skriv at formen på vardane langs dei gamle ferdelsvegane skulle fortelja ferdamannen noko. Dette formspråket meiner han me i dag har gløymt. Han deler opp vardane i minst fem hovudtypar:

- Retningsvardar. Desse kunne ein sjå på lang avstand. Dei låg ikkje alltid ved vegen. Vardane var store, ofte opptil 2 m høge når dei stod på ei høgde, men mindre når dei stod oppe på store steiner.
- Styringsvardar. Også desse var relativt store, 60-70 cm høge og kunne vera ei helle reist i terrenget. Ein kunne ta ut retninga etter desse over store strekningar. Det var god hjelp for driftekaren når veret var slik at han ikkje kunne sjå retningsvardane.
- Gluggvardar. Desse var bygd slik at det vart eit hol tvers igjennom. Dei kunne vera både låge og høge, og var plasserte like før farlege fjellparti, der det var lett å ta feil retning og komma på avvegar. Dei fungerte som fåreskilt og holet skulle hjelpe til med å finsikta retninga framover. Nesten alltid finn ein eit par andre vardar i sikteretninga når ein ser gjennom holet.
- Markeringsvardar. Desse er ganske små og unselege, berre eit par små steinar lagd oppå kvarandre, eller ein knyttneve stor stein lagd oppe på ein jordfast stein. Dei kan ligga ganske tett og synast ubetydelege i terrenget, men i tett tåke er dei til god hjelp. I nokre distrikt vert dei kalla ”nyvler” med bakgrunn i det gamalnorske ”hnyfill”, dvs. eit lite horn.
- Styringsvardar med armer. På avstand ser dei ut som eit menneske som strekkjer ut armane og såleis viser vegretninga. Slike vardar er bygde langs vintervegtraseen nord for Nore Nordmannsslepa og tvers over heile Vidda. Den austlegaste av desse ligg like nordvest for Nygård, øvste garden i Hallingdalsområdet inne på Vidda. I 1849 vart det bestemt at ein skulle reise desse vardane, men truleg har det vore slike vardar heilt frå 1500-talet. Det vart bygd 40 nye vardar kring 1849. Vardane skulle markera retninga,


*men og plassering av varden i form av eit nummer. Dersom ein visste kor mange vardar det var og ein fann nummeret på varden, visste ein om lag kvar ein var. Ein tilbaketrekt stein litt under armen på varden skulle innehalde desse opplysningane. Styringsvardar med armar finn ein særleg langs vintervegtraseen til Nordre Nordmannslepa. Langs den gamle fjellvegen frå aust til vest over Sognefjellet står også slike vardar, det same ved ein fjellveg sør for Fresvik i Sogn.*



*Styringsvarde med armar. Etter at desse vardane vart bygde, høyrer me mindre om dei årlege ulukkene som tidlegare skjedde på Hardangervidda. (Frå boka til Fønnebø.)*



*Til venstre ein markeringsvarde, til høgre ein gluggvarde. (Frå boka til Fønnebø)*




Varden til venstre er ein markeringssvarde, lengst borte ser vi ein typisk retningsvarde.  
(Frå boka til Fønnebø)



Markeringsvardar

Desse to små vardane kallar ein lokalt for "nøvler" eller "nyvler". Her i denne tåka kan ein ikkje sjå dei større vardane som står med mykje større mellomrom langs Nordre Nordmannslepa.

Vardar vart også reiste som grensesteinar, minnesteinar over spesielle hendingar m.m. Varp er ein større eller mindre haug med steinar. Det var vanleg å kaste Stein på eit varp for å fri seg frå det vonde der nokon hadde døydd eller for å få ei trygg ferd over fjellet. Skikken går langt attende i tid. (Frå boka til Fønnebø.)




Eksempel på eit varp i Uvdal. (Frå boka til Fønnebø.)

## Nokre forslag til løysingar på praktisk arbeid med Driftevegen (Framhald frå Merkehandboka)

### Festing av stakar

Er det jord eller grus i botn kan ein slå stakane ned i bakken med ei slaghylse, elles har stakane lett for å sprekka. Er det berg og stein i grunnen lyt ein røysa stakane fast. For å få betre feste kan ein spikra ein kross av korte bord nedst på staken, før ein grep den ned. På fjell lyt ein bore ned boltar som ein kan festa stakane til. Dersom ein svir/brenn stakane i enden, rotnar dei ikkje så fort.



### Vegvisarskilt


Vegvisarskilt høver godt å laga i tre, med logo for Driftevegen og namnet Driftevegen tydeleg fresa inn på framsida. På baksida av skiltet bør det stå kven som har sett opp skiltet og kven som er ansvarleg for rydding og skilting. Skilta kan ein festa med franske skruar, slik at dei vert hengande lengre. Vegvisarskilt bør ein ha:

- alle stader der ei rute startar.
- alle stader der ei rute tek av frå ein veg.
- der to ruter kryssar kvarandre.


### Passering av vanskelege område




Over myr og våte område kan ein laga til eit "kavledekke". Då legg ein barka stokkar, omlag 1,5 m lange, tett ved sida av kvarandre.



Ein kan og laga ei gangbane av plank eller kløyvde stokker. Desse lyt ein festa godt til labankane med galvaniserte spikar eller anna haldbart materiale. Minstebredd på gangbana må vera 30 cm. Avstanden mellom labankane må ikkje vera meir enn 1,5 m. Endane på gangbana må liggja på fast grunn med jamn overgang til terrenget.







Må ein passera gjerde er desse gjerdeklyva to av alternativa. Det finst fleire ulike løysingar.



Grinder kan ein sjølvsagt laga på fleire vis. Her er eksempel på ei dobbel grind eller vinkelgrind, sett frå sida (til venstre) og ovanfrå (til høgre).

Dersom ein skal passera elvar eller bekkar har DNT fleire alternative forslag på klopper og bruer og ein kan venda seg dit for å få teikningar.



#### Nokre praktiske råd der Driftevegen har høgare standard

Nokre stader vil Driftevegen gå gjennom tettbygd strok. Her fell vegen ofte saman med vegar som var knytt til meir kvardagsleg og ålmenn bruk. I desse tilfella er truleg ferdelsvegen meir forseggjort med omsyn til grøfting, bruer, oppmura kantar m.m. Her må ein prøva å ta vare på og setja i stand vegen uten å endre på dei gamle elementa.

- Ved restaurering av bruer, klopper og anna bør ein nytta "gamal stein", f.eks. henta i steinurer. Eldre vegarbeidarar kan vera ein ressurs å trekkje inn ved restaurering av bruer, vegmurar m.m. Dei vil vera dyktige læremestrar også ved bruk av gamle reiskapar som settar, kilar o.a.
- Ved grøfting, arbeid med stikkrenner eller anna naudsynt køyring på vegen bør lette beltegåande gravemaskinar eller traktorgravavarar nyttast.
- Tyngre gjenstandar, heller til stikkrenner, masse til vegbana og anna, bør køyrast inn på tørt føre, eller snø- og isføre. Sommararbeid bør difor planleggjast om vinteren. Masse til vegen bør om mogeleg hentast i (gamle) masseuttak langs vegen.
- Om det er vanskar med høvelege steinheller til stikkrenner, kan ein "juksa" med å nytta betong-, eller plastrøyr. Røyra kan ein skjula med solid muring i endane.
- Grindar må vera lette å handtera. Det er ein stor føremoen, ikkje minst for bønder som har beitedyr, om grinder går att av seg sjølve.
- Ein bør vurdera om ein lYT ha enkle parkeringsmoglegheiter, evt. søppeldunkar, ved start- og stoggpunkt for ferdelsvegen. Det hindrar unødige gnissinger.



## SKILTING AV DRIFTEVEGEN SPESIELT OG TURSTIAR GENERELT

Tilvising til stoff vedkomande skilting:


- a) Om vegstyremakt og delegering av mynde sjå veglova § 9.
- b) Generelt om skilting og ansvar i forskriftene til veglova, kap. VII og X.
- c) Direktoratet for Naturforvaltning, Handbok 2/1991)

### **Skilting**

#### Vegskilt frå Vegvesenet

Med omsyn til skilting av Driftevegen ynskjer me eins merking når det gjeld større skilt som skal stå ved hovudvegar i fylket og vise til/gjera merksam på at *her går Driftevegen*. Det må skiltast ved alle hovudvegar der vegen kryssar, og der det er nær tilkomst til og naturleg utgangspunkt for turar. Skilting ved Riksveg eller Fylkesveg må godkjennast av Statens vegvesen.

Det er særsviktig at desse skilta har stor attkjenningsverde og vert eit varemerke for Driftevegen. Då lyt ein ha same mal for merking/skilting både ved tilkomst til og langs Driftevegen i Sogn og Fjordane.



Eventuelle andre skilt på same staden skal vere av same materiale og i same ramme/på same stolpar. (Sjå døme nedanfor). Skilta i samband med "Den Trondhjemske postvei" vart laga i tre. Dette synte seg mange stader å vera eit vedlikehaldsproblem etter kort tid. Dette lyt ein ta omsyn til når det gjeld Driftevegen, då mykje av denne ligg i høgfjellet. I låglandet kan det sjølv sagt vera greit å nytta tre, men samstundes er det eit poeng at skiltinga for Driftevegen vert eins gjennom heile fylket.



*Eksempel på skilting i samband med Den Trondhjemske Postvei. Vegskilta vart godkjende i gjeldande region av Vegkontoret. Til høgre: Enkel og grei tavleramme. Vonleg vil motorkøyretøy respektera dette skiltet.*

Namnet og logoen til Driftevegen skal ha plass på skiltet. Skiltet skal syne i kva retning vegen går. Skiltet bør ha eit symbol som seier noko om kva for standard vegen har, om det er sykkelveg, tursti eller anna. Her kan ein til dømes nytta seg av symbolbruk innan kartverket.

### Symbol frå kartverket



Motorveg. Motorway.



Riksveg. Vegnummer. State road. Route marker.



Fylkesveg. County road.



Kommunal veg. District road.



Privat veg. Låst bom. Parkeringsplass  
Private road. Road barrier (closed). Parking



Traktorveg. Merket sti, gangveg. Cart track. Marked path, pathway.



Sti. Lysløype. Footpath. Illuminated ski track.

### Informasjonstavler

Parkeringsplassane bør merkast for parkering. Ved utgangspunkta, gjerne i tilknyting til parkeringsplassane eller andre strategiske stader, bør det setjast opp informasjonstavle, eventuelt plansje, som gjev kort og tydeleg informasjon både på norsk og engelsk. For meir detaljert informasjon bør skilta vise til eventuelt kart eller brosjyre, og kvar desse er å få tak i. Eit alternativ kan vera å ha ein sjølvbetjeningsboks ved hovudskiltet, der ein kan finne informasjonen og eventuelt betale for den.

Informasjonstavler langs hovudveg om ulike turvegar og stoff kring denne, bør vera bygd over same leist. Same prinsipp gjeld som for vegskilta. Form, storleik, symbolbruk, fargar og materiale bør vera eins. Her gjeld det same som over, at ved riksveg eller fylkesveg må skilting godkjennast av Statens vegvesen.

Når det gjeld informasjonstavler i terrenget kan ein variera form og materialval etter tilhøva, og slik at merkinga fell inn i den lokale tradisjonen, men logoen bør vera gjennomgåande. Ei info-tavle bør naturlegvis vere robust og stå for ein støyt. Den må lagast av eit verfast materiale. DN handbok 2/1991 gjev gode råd. Det enklaste vil vere å trykke direkte på plast, eller laminere plakaten i plast. Det er då viktig at plasten skjermar mot UV-stråler.

Opplysningskilt som skal monterast fast for å stå ute langs hovudvegar heile året, evt. på høgfjellsoverganger, lyt lagast i metall som tåler all slags ver og vind. Samstundes bør dei bli mest mogeleg inn i naturen. Skilt innan same kategori må ha same farge, form, storleik og symbolbruk.

Bruk ikkje for høge stativ, eller bein på info-tavla. Det er betre at vaksne må bøye hovudet, enn at born, kortvoksne og rullestolbrukarar ikkje kan gjera seg nytte av bodskapen på tavla. Attåt å gje informasjon om Drifteveg-miljøet, bør kart og bilete om andre attraksjonar vere sjølvsagt. Informasjonen bør vere fleirspråkleg.

### Lokale skilt i løypa



*Vardebygging er moro for folk i alle aldrar, her Anne Marie Starheim.  
(Foto: Linda Vibeke Holstad)*

Anna skilting langs Driftevegen bør vere enkel og av same type materiale. Der stiar leier ut frå vegen til ulike attraksjonar eller til lengre fotturar, bør det vera enkle vegvisarar (skilt) som fortel kvar stien leier hen, og kor langt det er å gå dit.

Dersom ein vel å lage eit kart eller ein brosjyre for området, bør kvart skilt ha eit nummer. Det same bør då symbola på kartet ha. Attraksjonar/kulturminne ved vegen og tilrettelagde fiskeplassar bør skiltast. Ein del stadnamn bør og visast med skilt og evt. namneforklaring. Andre stader der det gjerne bør skiltast, er på dei gamle *kvileplasser/stemneplasser* og t. d. ved grenseskiljet mellom kommunar/fylke.

Merking av sjølve løypa kan gjerast på ulike vis. Bruk av vardar er den gamle måten å gjera det på. Vardane som driftekarane nyttar for å finna rette vegen, hadde ulik storleik og form alt etter kva informasjon varden skulle gje. Dette er ein tradisjon ein kan ta opp att i merking av driftevegane og andre stiar. Ein kan og nyttja treskilt, men då må denne merkinga i alle høve sjåast etter og haldast ved like kvart år. Kostnaden med å setja opp og fornya små retningsvisarar i tre er ikkje stor.

Skilt til turstiar bør vera i natur-/miljøvenleg materiale. Men her bør ein i den einskilde kommune kunne nyttja eit opplegg som eventuelt er eins med tidlegare merking i området. Ved sti-dele må det nyttast pil med Driftevegen eller logo, slik at det går klart fram kva sti ein skal fylgja.



Dugnad på skilting av ymse turstiar i Vik i Sogn. Dei lokale skilta har kommunevåpenet brent inn. Bokstavane er fresa inn i treverket og deretter måla med kvit utandørs måling. Ein reknar med at når desse står ute ein vinter vil treverket verta grått eller svart og då vil dei kvite bokstavane syna godt. (Foto: Helge Noss.)

### Merking, skilting og informasjon i Nasjonalpark/verna område

Merking, skilting og informasjon må ha særskilt løyve i nasjonalparkar og andre verneområde. Plassering av informasjonstavler langs vegen, dvs. ute i terrenget, er det lite truleg at ein får løyve til i ein nasjonalpark. Derimot ved start og endestad, P-plass og liknande, kan det vere aktuelt med opplysningstavle. Vegvisarpilar og merking i nasjonalparken vil normalt få løyve dersom det gjeld stiar som i forvaltningsplanen er godkjende for merking, og dersom utplassering av merking og vegvisarpiler ikkje vert for omfattande.

For vedlikehald av eksisterande merking og skilting trengst ikkje løyve.

Det er positivt at dei gamle ferdelsvegane, til dømes over Kamperhamrane, vert vedlikehaldne og reparerte, noko som ikkje vil vere problem i høve til verneforskrifta for nasjonalparken. Dersom det gjeld omfattande arbeid eller nye inngrep, t.d. omlegging av ferdelsvegen over ei strekning, kan det hende at det må gjevast særskilt løyve etter søknad. Opparbeiding av stiar, merking og skilting må også ha løyve frå grunneigarane, og det er difor særskilt viktig å ha med seg dei før ein set i gang.

Det svakaste leddet ved merking av stiar er til vanleg start- og endestad. Ein (liten) P-plass og god skilting med vegvisarpilar her vil difor vere avgjerande for at turgårar skal finne fram og for at dei ikkje skal sjenere fastbuande og uroe beitedyr unødig.

## **UTDRAG FRÅ PROFILHANDBOK FOR KULTURMINNESKILT I SGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE**

### **Skilting i fylkeskommunal regi**

Skiltplanen her er utarbeidd for bruk av Sogn og Fjordane fylkeskommune ved skilting av kulturminne i fylkeskommunal regi. Fylkeskommunen har forvaltingsansvar for automatisk freda kulturminne og vedtaksfreda kulturminne, begge typene er freda i medhald av Lov om kulturminne. Fylkeskommunen har i følgje same lova rett til å legge dei automatisk freda kulturminna til rette for publikum.

### **Skilting i lokal regi**

Kommunane har eit stort mangfald av kulturminne av nasjonal, regional og lokal verdi. Mange kan framhevest ved å skilte dei. Vi finn det ikkje rett å påleggje kommune å nytte denne skiltmalen ved skilting av alle typar kulturminne. Vi vil i staden oppmøde kommunane til å utvikle eigne skilt, noko fleire har vist stor interesse for å gjere.

### **Kva skal skiltast**

Det vil alltid vere eit avgrensa utval av kulturminne som kan skiltast og tilretteleggjast for publikum. Kulturavdelinga vil prioritere tre hovudgrupper kulturminne.

*Automatisk freda kulturminne* er ei hovudgruppe kulturminne. Fylkeskommunen har utarbeidd ein plan for kva automatisk freda kulturminne som fylkeskommunen skal legge tilrette og skilte. Planen *Eit mangfald mellom kyst, fjord og fjell - handlingsplan for skjøtsel og tilrettelegging av automatisk freda kulturminne i Sogn og Fjordane* vart politisk vedteken i Hovudval for kultur i 1999. Den omfattar til saman 85 automatisk freda kulturminne, inklusive mellomalderkyrkjer og bygningar. Kriteria for utveljinga har vore: a) særmerkte kulturminne, b) kulturminne i opphavleg miljø, c) sårbare kulturminne, d) tilgjengelege kulturminne, og e) kulturminne med pedagogisk verdi.

Kulturminna er fordelt på tre løyper: a) Levekår, tru og tradisjon, b) Bonden og garden og c) Rikssamling og kyrkjebygging. Utvalet gjev brei geografisk, kronologisk og tematisk presentasjon av kulturminne i fylket. Andre automatisk freda kulturminne, enn dei som inngår i planen, kan også skiltast med denne malen.

Skiltmalen skal også brukast på dei vedtaksfreda kulturminna, i all hovudsak einskildbygningar og mindre bygningsmiljø. Totalt er det ca 160 vedtaksfreda kulturminne i fylket, det vil vere eit utval som kan skiltast.

Vidare skal den også brukast på utvalde, verneverdig kulturminne og kulturmiljø av regional verdi. Det er ikkje gjort noko utval av kva kulturminne som fylkeskommunen skal prioritere når det gjeld denne siste store gruppa.

### **Format og type**

Skilta er basert på skiltplater i to storleikar:

Modul 1: 68 x 68 cm

Modul 2: 68 x 136 cm

Skiltplatene er laga i 3 mm aluminium. Tekst og illustrasjoner er trykt på kvit folie og forsegla med vernande antigraffit folie.

Rammeverket er i brennlakkert stål og tilpassa modul 1 og 2. På basis av modul 1 kan det lagast fire ulike skiltformat.

## LOVVERKET OM MERKING AV TURRUTER

Dersom ein skal tilretteleggja dei gamle ferdelsvegane for friluftsliv, må ein fylgje lovverket kring dette. Her fylgjer eit utdrag med presisering av nokre spesielt sentrale delar.  
(Utdrag frå *Merkehåndboka, Håndbok for tilrettelegging og merking av turruter i fjellet, skogen og langs kysten.*)

### Allemandsretten

Allemandsretten er den rett alle og ein kvar har til ferdsel, hausting, opphold og aktivitet i naturen, uavhengig av kven som eig grunnen.

Stikkordmessig har ein rett til:

- **ferdsel i utmark, på sjøen og i vassdrag,**
- **ferdsel på åker og eng når marka er frosen eller snødekt i tida 14.10-30.4,**
- **riding og sykling på stiar og vegar i utmark,**
- **å slå opp telt i utmark i to døgn (ikkje nærmare enn 150 m frå hytte eller hus som det bur folk i),**
- **å plukke ville blomster i utmark,**
- **å plukke ville bær og sopp i utmark, unntake på moltebærland i Nord-Noreg.**

Bruk av utmark må skje med omtanke og varsemd. Ferdsel med motorkøyretøy er forbode i utmark.

Dei viktigaste allemandsrettane er lovfesta i friluftsloven av 28. juni 1957, sist endra i 1996. Lova er nedskriving av særskilte gamle sedvanerettar og reglar på dette området. Desse er utvikla i eit typisk jordbruks- og fangstsamfunn gjennom uminnelege tider og tilpassa den bruk av rettar som moderne turisme og friluftsliv krev. Loven av 1957 innførte ingen nye rettar i høve til det som var gjeldande tidlegare.

Allemandsrettane er grunnlaget for turistforeininga, andre organisasjonar og myndighetene sitt arbeid med å fremja og utvikla friluftslivet i Noreg. Her er retten til fri ferdsel den viktigaste.



## **Innmark og utmark**

Retten til fri ferdsel avheng av om det aktuelle arealet er utmark eller innmark. På høgfjellet og i skogsområda er det sjeldan tvil om eit område er utmark eller innmark. Men i dei tett utbygde kystområda, særleg på Aust- og Sørlandet, kan det være tvil om eit areal er utmark eller innmark og det kan være konflikter knytt til tolkinga. Her har det i mange år gått føre seg ei monaleg utbygging, ikkje berre hytter, men også med brygger, plattningar, gjerde, tørkestativ, plenar m.m. Dette har ført til ei monaleg innskrenking i dei faktiske mogelegheitene til å utøve friluftsliv. Viktige problemstillingar i forhold til fri ferdsel, bading m.m. er avklara gjennom sak for Högsterett (1. juli 1998) og Sivilombodsmannen (1975). Hovudregelen i Friluftslova er at det er lov å ferdast til fots i utmark heile året. Retten til ferdsel i innmark er meir avgrensa både med omsyn til tid og stad. I sommarhalvåret lyt ein halda seg til veger eller stiar i innmark. På dyrka mark er ferdsel berre lov i tida mellom 4. oktober og 30. april, og berre dersom marka er frozen eller dekka av snø.

Innmark er, etter Friluftslova, § 1 a, gardsplass, hustomt, dyrka mark, engslått, kulturbeite og skogplantefelt, samt liknande område der ålmenta si ferdsel vil vera til utilbørleg fortrengsel for eigar eller brukar. Hustomt femnar ikkje om heile tomta/eigendommen, men er avgrensa til den meir private sona kring bustadhuset/hytta.

At eigaren har ei rekke installasjoner i strandsona som moloar, båtslipp, bordsete, flaggstong m.m., fører ikkje utan vidare til at arealet rundt og mellom desse vert innmark. At ålmenta i 60 - 70 år har vore stengt ute av gjerde rundt eigendommen fører ikkje til at retten til lovleg ferdsel fell bort.

Omgrepet dyrka mark er som regel uproblematisk i høve til gardsbruk, ved bustader og hytter er det vanskelegare. Regelen er at omgrepet dyrka mark i Friluftslova tek sikte på marka si produktive evne. Difor vil ikkje ei kvar opparbeiding av plen og andre kultiveringstiltak utan vidare gjera arealet til innmark. Engslått er natureng som vert brukt regelmessig i samband med gardsdrift, mens kulturbeite er jord som er gjenstand for jamleg kultivering for å tena som beitemark.

Skogplantefelt er berre å sjå på som innmark så lenge trea er små, men når dei når knehøgd vert arealet rekna som utmark. I stortingsmelding nr. 39 (2000 -2001) om friluftsliv vert det teke til orde for å oppheva forbodet mot ferdsel i skogplantefelt av di skadene er ringe og av di forbodet i liten grad vert praktisert.

## **Hevd**

Den frie ferdsla kan også være basert på hevd fra ålmenta si side, jamfør Hevdlova, § 8, andre ledd. Dette er mest aktuelt for stiar og gamle ferdelsvegar over innmark. Føresetnaden for å hevda retten er mellom anna at folk i ei bygd, grens eller ein by har nytt retten som ein bruksrettshavar i 50 år. Desse gamle ferdelsvegane kan ikkje stengjast av grunneigar, sjølv om stenging ville vera lovleg etter andre reglar. Dersom ein slik veg vert stengd eller det oppstår tvist, har kommunen, etter friluftslova, § 22, ansvar for å ta opp slike saker på vegne av ålmenta.

## **Rett til rasting, opphold og bading**

Rett til rasting og bading er ikkje like vid som tilgjenge til ferdsel sjølv om det er utmark. Hovudregelen er at bading og rasting ikkje kan skje når det skjer *til utilbørleg fortrengsel eller ulempe for andre*, jfr. Friluftslova, §§ 8 og 9.

Retten til bading i vassdrag er regulert i Vassressurslova, § 16, som har same regel som friluftslova. Ein kvar kan bada i elv, bekk eller innsjø i utmark når det ikkje er til utilbørleg fortrengsel for andre eller til annan skade, for eksempel for drikkevassforsyninga.

## Krav til ferdskultur

Sjølv om det er ein rett til fri ferdsel og opphold i norsk natur, inneber ikkje dette ein fridom utan grenser. Friluftslova, § 11, gjev ei generell avgjerd om ferdskultur, som gjeld for all type ferdsel og opphold i naturen. Det vert kravd at ein ved ferdsel eller opphold på "annan manns grunn eller sjøen utanfor" skal opptre omsynsfullt og varsamt, slik at det ikkje vert til skade eller ulempe for grunneigar, brukar eller andre. Omsynet til miljøet i vid forstand vart teke inn i Friluftslova ved revisjonen i 1996.

## Tilrettelegging og merking

Alle typar tilrettelegging av turstiar, som fjerning av vegetasjon og steinar, bygging av klopper og gjerdekliv, merking og skilting krev løyve frå grunneigar/rettigheitshavar. Det gjeld også der det offentlege er grunneigar. I statsallmenningar er det Statskog og fjellstyra som gjev løyve. Det er berre mellombels merking for orienteringsløp, skirenn o.l. som ikkje krev slikt løyve. Det må takast kontakt med grunneigar og rettigheitshavar, eller utpeika representantar for desse i området, i god tid før arbeid med tilrettelegging og merking av turstiar vert sett i gang. Der ein skal setta i verk andre tiltak, slik som bygging av bruer, ulike naturinngrep etc., må ein også henta inn særskilt løyve til dette. Dette gjeld også framtidig vedlikehald av slike installasjonar. Dersom ein grunneigar motset seg merking for lovleg ferdsel, er det fullt lovleg å leia ferdsela over eigendommen ved til dømes skilt eller enkelt kart på naboeigedommen. Dette kan ein gjera der det er små egedommar, og der det er lett å ha oversikt over kvar traséen går vidare.

Dersom ein grunneigar utan sakleg grunn motset seg merking av sti i utmark, gjev Friluftslova, § 35, om *inngrespløyve*, heimel for å gje løyve til tilrettelegging og merking. Løyvet kan både kommunar og organisasjonar få, jfr. blant anna Sandefjord kommune. Mynde til å gje løyvet er delegert til Direktoratet for naturforvaltning. Direktoratet kan også gje rettleiing i sakshandsaminga før søknaden.

Det vert normalt ikkje gjeve erstatning til grunneigar for tilrettelegging og merking av stiar når bruken av disse fylgjer friluftslova sine reglar. Det er berre der ein kan syna til økonomisk skade at det kan vera aktuelt å vurdera erstatning. Normalt vil også grunneigar ha nytte av at stiar og vegar over hans egedom i utmark vert merka. Dette vil redusere bruk og press på dei andre utmarksareala på egedomen hans, då dei fleste vil fylgja den merka stien.

## Kulturminnevett

Kulturminne og kulturmiljø og det desse kan fortelja, er viktig for å forstå og få oppleving av historia og stadene langs turrutene.

Arbeid med turruter kan involvera kulturminne. Alle arkeologiske kulturminne frå 1537, byggverk frå før 1650 og samiske kulturminne eldre enn 100 år, er automatisk freda, både kjende og ukjende.

Berre ein del av dei arkeologiske kulturminna er registrerte til no. Samstundes er det særstakt lett å skada slike kulturminne utan eit trentauge.

Det er utarbeidd oversikt over alle registrerte, freda kulturminne.

Mange kulturminne og kulturmiljø er verneverdige uten å være freda. Verneverdige byggverk frå før 1900 er innarbeidd i Nasjonalt Bygningsregister (GAB/SE-FRAK). Opplysningar og hjelp får ein hjå Fylkeskulturavdelinga. Her kan ein også få informasjon om kvar det kan finnast kulturminne som enno ikkje er registrerte.

## Naturvett

Merking er alltid eit inngrep i naturen og bør difor gjerast så diskret som mogleg, men samstundes så tydeleg at merkinga fyller sin funksjon. Ein nyttar difor dei materialer som finst på staden, stein, trestakar og kvist. Bruk av maling, som er eit framant element i naturen, bør ein avgrensa mest mogleg. Vidare skal ein ta omsyn til verneverdige område som kan ta skade av auka ferdsel. Det kan til dømes gjelde hekkeplassar for rovfugl, kalveplassar for rein eller sårbar vegetasjon.

## Tryggleik og erstatningsansvar

Etter norsk rett har den einskilde turgåar sjølv ansvaret for sin eigen tryggleik ved ferdsel på sjø, fjell, i skog og mark. Verken grunneigar, rettigkeitshavar eller tilretteleggars vert normalt ansvarleg for skader som kan oppstå på menneske og utstyr under utøving av friluftsliv. Den som bruker naturen må sjølv ta omsyn til at det alltid vil vera ein viss risiko ved dette. Likevel bør dei som brukar merka og tilrettelagde turruter kunne stole på at dei der kan ferdast trygt under normale forhold. Den som har ansvaret for turrutene må difor syte for:

- at ein unngår farlege parti, og at sikringa er forsvarleg der dette er naudsynt,
- tydeleg merking, skilting og informasjon,
- forsvarleg teknisk standard på/vedlikehald av bruer og andre innretningar,
- at utstyr og gjenstander som inngår i tilrettelegginga er i forsvarleg stand og i samsvar med gjeldande føresegner.

## Avtalar - tinglysing

Ved tilrettelegging og merking av enkle stiar er det ofte tilstrekkeleg å få munnleg løyve av grunneigar. Her lyt ein vera merksam på at det kan vera eit vilkår for offentlege tilskot at det ligg føre skriftleg avtale med grunneigar eller grunneigarlag. Det kan også vera krav om at avtalen er tinglyst som hefte på eigedommen. Skriftleg avtale vert tilrådd også dersom det er moglegheit for framtidige konflikter og der det skal gjerast større investeringar, for eksempel i bruer. Når avtalen vert tinglyst, har ein sikra seg at retten også kan verta gjeldande andsynes nye grunneigarar. Tinglysing vil ha ein kostnad pr. bruksnummer. I område der stiane skal gå over mange eigedommar, vert dette ein stor kostnad.

Der ein vel å basera seg på munnlege avtalar bør desse dokumenterast ved at det vert sendt brev til grunneigar saman med kart over traséen og ei oppsummering av dei vilkåra ein er vorten samd om.



## **OVERSIKT OVER LOVER SOM ER VIKTIG MED OMSYN TIL TURRUTER.**

(Frå Merkehåndboka. Håndbok for tilrettelegging og merking av turruter i fjellet, skogen og langs kysten, utgjeve av DNT, Forbundet Kysten og Friluftsrådenes Landsforbund.)

### **FRILUFTSLOVEN AV 28. JUNI 1957.**

Legger hovedgrunnlaget for alt friluftsliv i Norge. Omhandler allemannarettene og definerer disse og hva som er utmark og innmark. Gir regler for adferd i skog og mark, saksbehandling og håndhevning av loven, herunder fjerning av sjikanøse stengsler. Har også regler om tiltak for å lette ferdelsen, herunder at kommuner og friluftsorganisasjoner kan gies tillatelse til merking og tilrettelegging der grunneier ikke tillater dette.

### **LOV OM GRANNEGJERDE AV 5. MAI 1960**

Berører turruter indirekte ved regler om gjerdehold som ledd i husdyrholt og husdyrbeiting mv., og som pålegger grunneierne gjensidige plikter og ansvar. Understrekker betydningen av de hensyn som må tas ved ferdsel og tilrettelegging av turruter.

### **LOV OM SKOGBRUK OG SKOGVERN AV 21. MAI 1965**

Omhandler skogbruk, skogskjøtsel, regler om avvirkning og skogreising. Gir adgang til å fastsette nærmere forskrifter om skogsdrift og avvirkning i områder av særlig verdi for friluftsliv og naturvern. Loven er særlig viktig for turrutene i by- og tettstedsnære skogsområder.

### **NATURVERNLOVEN AV 19. JUNI 1970**

Omhandler verneområder. Restriksjoner på inngrep og aktivitet og ferdelsregler er gitt som forskrifter for hvert enkelt område.

### **KONSEJSJONSLOVEN AV 31. MAI 1974**

Har bl.a. som formål å ivareta allmenne naturvern- og friluftsinteresser. Det kan som vilkår for konsesjon blant annet gis rett til å opparbeide og merke turstier.

### **VASSRESSURSLOVEN (TIDLIGERE VASSDRAGSLOVEN)**

Gir regler om bading og ferdsel uten bruk av motor og i vassdrag. Har også regler om avgift for ferdsel med motorfartøy i kanaler og vassdrag som er tilrettelagt for dette. Omfatter også bortleding av vann.

### **FJELLOVA, LOV AV 6. JUNI 1975 (OM UTNYTTING AV RETTAR OG LUNNENDE M.M. I STATSALLMENNINGANE)**

Gir regler om forvaltning og utnytting av statsallmenninger, og rettigheter knyttet til disse.

### **LOV OM MOTORFERDSEL I UTMARK OG VASSDRAG AV 10. JUNI 1977**

Gir regler om bruk av motorkjøretøy og fly/helikopter i utmarksområder og vassdrag.

### **KULTURMINNELOVEN AV 9. JUNI 1978**

Omhandler fredede og fredning av kulturminner, og gir adgang til å regulere eller forby ferdsel i eller rundt fredede kulturminner eller kulturmiljø.

### **VILTLOVEN AV 29. MAI 1981**

Har regler om bruk av hund.

### **PLAN-OG BYGNINGSLOVEN AV 14. JUNI 1985**

Gjelder for hele landet, også kystsonen ut til grunnlinjen. Foreskriver kommunal arealplanlegging med disponering og regulering av områder for friluftsliv, og gir kommunen hjemmel til å foreta ekspropriasjon for gjennomføring av reguleringsplaner for friluftsformål. Har regler om bygge- og anleggstiltak, herunder bruer, gjerder og innhegninger, og for fjerning av ulovlige bygg og anlegg.

### **NATURSKADELOVEN AV 15. MARS 1994**

Har regler om sikring av rasfarlige områder og områder som trues.

### **BRANNVERNLOVEN AV 5. JUNI 1987**

Forskrift til loven setter forbud mot å gjøre opp ild i eller i nærheten av skogsmark uten brannsjefens tillatelse i tiden 15. april - 15. september.

### **LOV OM STATLIG NATUROPPSYN AV 21. JUNI 1996**

Lovfester et eget oppsyn for tilsyn og kontroll med at lovgivning vedrørende friluftsliv, natur-forvaltning, kulturminneforvaltning, motorferdsel i utmark og vassdrag, vilt- og fiske-forvaltning og delvis forurensing, blir overholdt. Oppsynet har også informasjons-, skjøtsels- og registreringsoppgaver, og delvis politimyndighet.

## LITTERATUR OM DRIFTEHANDEL

Bygdebøker i dei aktuelle kommunane

Bach, Tron og Gjerdåker, Johannes:

*Aurlandsdalen – ei kulturhistorisk vandring frå fjell til fjære.*  
Cappelens turhåndbøker, J.W. Cappelens forlag 1994.

Ohnstad, Anders J.:

*Glimt frå Aurlandssoga. Bind II. Samling av artiklar frå Aurland.*  
Aurland Sogelag. 1997.

Bjørnestad, Magne:

*På historisk vandring. Ei samling av avisartikler.*  
Aurland kommune. Kulturkontoret. 1998.

Skoug, Stein Erik:

*Kongeveien over Fillefjell, Vindhella og Galdane.*  
Grøndahl & Søn forlag A.s, Oslo 1975.

Ryvarden, Leif / Wold, Bjørn:

*Norges isbreer.* Universitetsforlaget AS 1991

Standal, Ragnar:

*Vegar før vegar var.* Bd. I og II. (År ??)

Oppedal, Harald:

*Over fjell og finne. Med driftekarar i eldre tid.* 1980.

Berge, Kristian:

Driftevegar og fedrifter frå Oppstryn i framfarne tider. I *Årbok for Nordfjord* 1961

Beinnes, Ingebrikt:

Sandnes-øksen. I *Årbok for Nordfjord* 1961, s.110-115.

Fønnebø., Reidar.

*Langs Nordmannsslepene over Hardangervidda.* Universitetsforlaget, 1998.

Fønnebø, Reidar:

*Nordmannsslepene, Store Nordmannsslepa, den eldgamle ferdselsåren mellom Østlandet og Vestlandet.* Harald Lyche & co. A.s. Drammen 1968.

Steen, Sverre:

*Ferd og fest, reiseliv i norsk sagatid og middelalder.* H. Aschehoug & co. 1929.

Steen, Sverre:

*Det gamle samfunn. Det frie Norge,* bind 4, Cappelens forlag, Oslo 1957.

Tveite, Stein:


*Jord og gjerning. Trekk av norsk landbruk i 150 år.* A.S. Bøndenes forlag, 1959.

Peder O. Kjøllesdal:

*Gamle minder og soger.*

Varden Kron:  
*Skjussplikt og drifteførsle.*

Anders A. Lothe:  
*Soga om Lothe.*  
*Bygdebok for Nordfjord.* s.33-35.



Fønstelien, Erik:  
*Årbok for Nordfjord.* 1998, 1999.

Kleiven, Ivar:  
*Årbok for Nordfjord.* 2001.

Rimstad Torleiv:  
Driftehandlar Rasmus Hole.  
*I Årbok for Nordfjord.* 1997.

*Pridlao*, nr. 1, 2002.  
*Pridlao*, nr. 1, 1993.

*Tidsskrift*, Historielaget for Sogn , nr. 13.

Avisa *Sogn og Fjordane*. 06.06.1950. Leikanger.

*Gulleplet*. Lokalt tidsskrift, Balestrand.

*Bygd og By i Norge, Sogn og Fjordane*, s. 242-247, Anders Ohnstad, og s. 266-280, Johs. B. Thue.

Kinck, Hans E.:  
*Driftekaren. På Rindalslægret. Mands hjerte.* Aschehoug, Oslo 1979.

Råd, Kjell:  
*Støylar i Breim.* Sandane, 1997

Tobiassen, Anna Helene:  
*Driftehandel med storfe i Norge, ca. 1850 – 1930.* Institutt for Etnologi, Universitetet i Oslo, 1988.

*Norske bygder.* Bind IV. Sogn.  
J. Griegs forlag, Bergen.

Bjørke, Samson:  
*Fjord- og Fjellfolket. Handel og vandel i eldre tid.* Os 1987.

Roland, Hilde:  
*Prosjekt Nordmannsslepene 2001.* Buskerud Fylkeskommune, 201.

Rongen, Bjørn:  
*Driftekarens høst.* Roman. Gyldendal norsk forlag, Oslo 1951.

Nordstrand, Ingemar:

*Den Trondhjemske Postvei*. Fylkesprosjekt Sogn og Fjordane. 1995.

*Gamalt frå Voss.*

Voss bygdeboknemnd. Diverse artiklar.

*Hardanger.*

Tidsskrift. Diverse artiklar: 1911, 1968, 1973, 1992.

Åland, Knut:

*Den Gamle Kongevegen, Landskap og historie langs den gamle ferdslevegen over Mannseidet*. Høgskolen i Molde, 1997.

Strøm, Hans:

*Physisk og økonomisk beskrivelse over fogderiet Søndmør, beliggende i Bergens Stift i Norge*. Første part 1762 og Anden part 1766.

*Vegen over Berstadeidet. Ei natur- og kulturhistorisk undersøking langs den gamle ferdselsvegen i kommunane Selje og Vågsøy.*

Høgskulen i Sogn og Fjordane, 1996.